



Det er klart for Sommar på OSKA med faste opningstider.

Det er klart for Sommar på OSKA med faste opningstider, frå torsdag til og med søndag kvar veke. Det vert som vanleg skalldyrbord kvar torsdag i sommar. Det er buffet med ferske reker, blåskjel, fiskesuppe, krabbe, brød og salatar som høyrer til. Den fyrste skalldyrbuffeten er alt i denne veka, torsdag 22. juni. Sommarutstillinga er fotografi og portrett av Jorun Larsen.

På fredagar og laurdagar vert det servert middag og smårettar. Søndagsmiddagen vert servert i skåler på bordet. Roy Lervåg har heimeside og er god på Facebook. Utfyllande informasjon finn du ved å gå inn på Facebook eller på heimesida hans.

Fotoutstillinga til Jorun Larsen har to tema: Studnom kan ein sjå og It's Personal. Bileta er monterte i inngangspartiet og i spisesalen. Motiva hennar har fått god mottaking.

Jazzkonsertane på OSKA er snart vorten ein tradisjon. Det vert ny Jazz på Oska med Ingebjørg Eik, laurdag 30. juni.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sommarutstilling med fotografi og portrett av Jorunn Larsen.